



Åtte oddingar på eitt brett – med vertinne Berit Harriet Døssland ståande bak. Dei sju er Martha Fenne, Margot Ringøy, Maria Bella Hylland, Margit Lægård, Gerd Torblå, Inga Frønsdal og Astrid Oppheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Cafe TI-aren har utan tvil vind i segla på nyåret. Sist tysdag var 29 innom og denne tysdagen kom gjestetallet truleg over 30.

- Eg har ikkje noko eksakt tal. Vi har hatt det så travelt at vi har ikkje hatt tid til å telja, sa vertinne Berit Harriet Døssland til uskedalen.no.

Men ho var for sin del "ein medverkande årsak" til at sju av gjestene kom. Berit Harriet er frå Odda og held så fast på sambandet med heimstaden at ho framleis er medlem av husflidslaget der.

Og i går kom ein delegasjon på sju frå dette laget med buss til Uskedalen og Cafe TI-aren.

Dei trivdes så godt på kafeen, der dei traff gamle og nye vener, at dei like godt vart der i over fire timar! Oddingane hadde naturleg nok vore i Uskedalen før, men ikkje på kafeen. Dei lovar å koma att!

Av Ola Matti Mathisen